

Referat frå styremøtet i Vestnes sogelag, 5. juni 2023.

Tid: 05.06.23, kl. 19.30–21.00

Stad: Vestnes bibliotek

Til stades: Jørn Inge Frostad, Marit Gjermundnes, Liv Signy G. Hellen, Tore Tomren og Morten Øveraas

Gjester: Sak 1: Tordis Sivertsen. Sak 1-3: Per Bjørn Ellingseter, Hallgeir Anderson, Jostein Bø og Lars Sigmund Kleive.

Sakliste:

1) Status for det nye skriftstyret og arbeidet med årsskriftet, ved Tordis Sivertsen:

- So langt har det vore mest fokus på organisering og design, men frå no av blir det primært arbeid med sjølve innhaldet
- Skriftstyret har fått grønt lys for å trykke boka hjå Interface Media i Litauen. Anbodet deira var omlag 80 000 kr billigare enn konkurrentane. Rett nok er sluttprisen avhengig av euroens verdi samanlikna med den norske krona
- Fleire ting tyder på at Interface Media vil heve kvaliteten på boka samanlikna med trykkeriet som har vore nytta fram til no. Det komande årsskriftet vil, grunna auka linjeavstand, gjere årsskriftet meir dysleksivennleg. Ei utviding av sidetalet vil dessutan gje større plass til gode bilde, og elles vil bruk av matt i staden for blank papirutsjånad, og ei meir solid binding av boka, gje ei generelt betre leseoppleveling
- Skriftstyret vil sende trykkeriet eit førsteutkast i slutten av juni, og eit siste utkast mot slutten av august
- Når det gjeld innhald, så er det allereie meir enn nok artiklar til denne utgåva - deriblant ymse tradisjonelle matoppskrifter frå kommunen, samt ein rekke artiklar skrivne av Martinus Løvik - og det har dessutan kome fleire idear til neste års utgåve
- Per Bjørn støttar tanken om dette er eit passande tidspunkt til å sette ut i livet nye tankar om både utforming og innhald – slik som forfattarbiografi etter kvar artikkel, og ein bok med berre bilde

2) Bygdeboksaka

Kommunestyret vedtok å gje kommunedirektøren fullmakt til å inngå ein avtale med sogelaget om tilgang på bygdebokmaterialet. Kva blir då vår strategi og arbeidsfordeling framover?

Liv Signy og Hallgeir tek den saka vidare. Per Bjørn stiller seg disponibel for spørsmål, men ønskjer ikkje å bli involvert utover dette.

Hallgeir Anderson meiner det viktigaste er å få oversikt, samt å digitalisere alle analoge kjelder. Han påpeiker at det også er viktig å hugse at det som allereie er tilgjengeleg har ein del feil, og som difor treng redigeringsarbeid.

Per Bjørn kan opplyse om at han fekk alt han trengte frå Hoel Rekdal angåande bygdeboka frå Skorgen. Det som er produsert når det gjeld Helland, Daugstad og Vike er meir å rekne som eit utkast. Eit val må gjerast: Skal sogelaget ta på seg ansvaret for å fullføre dette arbeidet, og skal dette vere dognadsbasert – eller lyt det overlastast til ein lønna forfattar?

Det er einigkeit i styret om at det først og fremst gjeld å få oversikt, og so deretter kome med konkrete innspel til kommunen. Styret vil difor gå inn for at det arrangerast eit oversiktsmøte mandag 19. juni, der Per Bjørn tek med seg permane som inneheld det føreliggande materiale om Helland, Daugstad og Vike. Morten tek på seg å sende ein e-post til kommunedirektøren som fortel om situasjonen. Morten ønskjer òg å finne svar på om kommunen har noko digitalt materiale på server.

- 3) Ny bildeavtale. Jostein Bø og Lars Sigmund Kleive har forslag til svar på følgande viktige spørsmål: Korleis ta vare på og formidle det omfattande biletmateriale kommunen og sogelaget sit på? Dei to karane fekk med seg styret på at me lyst ha noko som liknar på den noverande Aas/Pedersen-avtalen med Interkommunalt Arkiv i Ålesund, og gjere nytte av deira nettportal for å publisere aktuelle bilde. Styret er einige om at me samstundes må sikre oss bruksrett på materialet.
- 4) Om publisering av referat frå styremøta. Skal me halde fram med å publisere referat på heimesida? Her vart det tilløp til frisk diskusjon, der me enda opp med følgande kompromiss: Inntil vidare held me fram med offentleg publisering, men på sikt lyst me vurdere å finne ei nettlösing som mogleggjer ei lukka løysing. Me vil invitere webredaktør Williksen til å kome med innspel til neste møte.
- 5) Framtidige arrangement.
 - Arkeologane frå NTNU som driv med utgraving på Vik har ikkje høve til omvising i sommar, men vil gjerne få til noko med oss neste sesong. Når det gjeld den tidlegare omtala turen til militærbatteriet på Øverås er grunneigar positiv, men dette blir lagt på is til me sikrar oss kompetente folk som kan guide og fortel om krigshistoria på Øverås på ein historiefagleg forsvarleg måte.
 - Angåande Brovold-utstillinga har det vist seg vanskeleg å finne ut om Vestnes bibliotek har tilstrekkelege UV-filter. Morten lagar derfor til utstillinga på Romsdalsmuseet. Det vil bli ei offentleg opning 28. juni.
 - Lars Sigmund Kleive og Jostein Bø er positive til å leie ein fotokveld til hausten (drøfta på sist styremøte), gjerne i oktober.
- 6) Status på «ringerunde» til sponsorane. Marit har lagt til fleire moglege sponsorar frå austsida av kommunen. Elles er styret godt i gang med ringerunden, og me satsar på å komme i mål før fellesferien.
- 7) Neste styremøte: Oppdatering om sponsorarbeidet, orientering om nettsider, fotokveld, Brovold-utstillinga, og bygdeboksaka. Planen er å møtast på biblioteket 14. august, kl. 19.

Vestnes, 11/6-23

Referent: Tore Tomren